



Helse Førde

Dato
24.11.2017

MR ved Lærdal sjukehus

Vi viser til møte med helsegruppa og i regionrådet med informasjon og drøftingar om MR ved Lærdal sjukehus.

Etter ei mobilisering i heile Sogn vart det samla inn meir enn kr 10 mill til MR ved Lærdal sjukehus. Responsen for innsamlinga var overveldande, og engasjementet frå kommunar, lokalt næringsliv og privatpersonar har vore imponerande. MR vil gje monaleg betre helsetenester og kortare reisetid for pasientane. Med betre kapasitet for MR-undersøkingar i Helse Førde, kan det gjere at pasientar i heile fylket får kortare ventetid. Beløpet vart samla inn sommaren 2016 og er vår del for å utløyse Helse Førde sin del som etter avtalen gjeld sjølve bygningen.

Målet ved innsamlinga var å få på plass MR innan utgangen av 2017. Etter det vi har fått opplyst vil MR ved Lærdal sjukehus vera ferdigstilt september 2018 og finansieringa knytta til utbygginga for MR-maskina er med i Helse Førde sitt langtidsbudsjett. Sogn regionråd ønskjer ei tidlegare installering av MR-maskina og har drøfta løysingar med Helse Førde for å forsera framdrifta. Helse Førde har valt ei løysing med tilbygg til eksisterande bygningsmasse, som vert vurdert som den mest framtidsretta løysinga, men som tek nokre månader lengre tid.

Innsamla midlar for MR var på plass sommaren 2016. Sogn regionråd er oppteken av at utbygginga vert sett i gang utan ytterlegare forseinkingar. Sogn regionråd forventar at Helse Førde vedtek investeringa for MR ved Lærdal sjukehus i budsjettmøte i desember 2017.

Med helsing

Petter Sortland
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift